



PRESSEMELDING

Kommunane Eid, Vågsøy og Selje (EVS) har etablert eit fellesprosjekt innan beredskapsarbeid og sektorovergripande risiko- og sårbarhetsanalyse -ROS-analyse. Den heilskaplege ROS-analysen skal støtte krav i Sivilbeskyttelsesloven. Med felles og overordna ROS-analyse som grunnlag skal kommunane utarbeide plan for oppfølging for kommunane sitt arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap. Prosjektet er støtta av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Prosjekteigarar er EVS-kommunane, og styringsgruppe for prosjektet er rådmenn i dei tre kommunane.

Regelverk innan fagområdet legg opp til at kommunar bør samarbeide når dei har eit tilnærma likt risikobilde. Samarbeid interkommunalt er særskilt viktig når det allereie er etablert samarbeid om sentrale beredskapsressursar t.d. innan brannområdet, interkommunalt utval mot akuttreinving (IUA), og legevakt for kommunane. Nabokommunar har ofte dei same utfordringane, og uønska hendingar i ein kommune kan få konsekvensar for ein annan. Aktuelle eksterne aktørar kan ofte vere dei same for fleire kommunar, og samarbeid om beredskapsarbeid kan føre til betre utnytting av knappe ressursar til dette arbeidet.

EVS-kommunane har invitert eksterne og interne aktørar til eit møte 26. januar kl. 09.00 på rådhuset i Eid, der samla risikobilde for desse tre kommunane er tema.

Selje, 19. januar kl.10.00.

Kontaktperson for fleire opplysningar:

Anita Otneim Hoddevik

Prosjektleder Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje

Tlf. 99 70 45 72, sentralbord 57 85 85 00

anita.hoddevik@selje.kommune.no

